



Vår dato:

28.01.2021

Vår ref:

2021/1342

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - flytebryggje ved Feste, Alver - løyve

Dokument i saka

- Søknad frå Alver kommune datert 19.01.2021 med vedlegg
- Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke, datert 26.06.2020
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Vi viser til skriv frå Alver kommune av 19.01.2021, der kommunen sender over ein søknad om flytebrygge på gnr 70/27 til vurdering. Tiltaket er planlagt innanfor Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde som vart oppretta ved kongeleg resolusjon i juni 2020.

Søknaden gjeld fjerning av ei eksisterande flytebryggje og oppføring av ei ny flytebrygge med lengde 115 meter med båtplassar/uteliggjarar, samt ny bryggje med lengde seks meter for fylling av drivstoff og ny brygge med lengd 8 meter til bruk for hytteigarar som har bil-/båtplass på kaia.

Planområdet for dei nye flytebryggjene ligg innanfor eit regulert område som er definert som hamneområde i sjø/småbåthamn. Alver kommune vurderer tiltaket til å være i samsvar med planen, men planen er eldre enn vernevedtaket.

Lovgrunnlag

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen (verneforskrifta § 1).



I verneforskrifta si § 3 står det at i det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Både vegetasjonen og dyrelivet er verna mot skade og øydelegging. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. (vår understrekning) etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Verneforskrifta § 5 e seier at Statsforvaltaren kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til småbåthamner medrekna m a flytebrygger og fortøyninga. Verneområdet vert avgrensa av undersjøisk kote 2 m under sjøkartnull. Delar av tiltaket vil då truleg vere aktuelt like utanfor den faktiske vernegrensa, men oppankring med plassering av konstruksjonar på sjøbotn for å halde flytebryggja på plass er mest truleg innanfor i verneområdet.

Vurdering

Tiltak av denne typen er omfatta av verneforskrifta for det marine verneområdet. Sjølv om tiltaket er i samsvar med godkjent reguleringsplan, er det rett av Alver kommune å sende søknaden til oss for vurdering etter verneforskrifta. Gjennomføringa av tiltaket føreset at Statsforvaltaren som forvaltningsmynde for verneområdet gir dispensasjon frå verneforskrifta.

Vi vurderer tiltaket til å vere konsentrert i eit allereie etablert småbåtområde, og sjølv om det er ei utviding av tal båtplassar som var der tidlegare vil det truleg ikkje medføre vesentleg auka påverknad på verneføremålet for det marine verneområdet i nemneverdig grad. Vi finn det såleis rett å innvilge dispensasjon frå verneforskrifta med vilkår om at sjøbotn blir minst mogeleg påverka.

Statsforvaltaren har generelt god kunnskap om naturfaglege førekomstar i dette verneområdet, sjølv om vi ikkje har detaljkunnskap om akkurat det omsøkte arealet. Tiltaket er avgrensa og lite i eit eksisterande småbåtområde, slik at vi ikkje ser grunn til å krevje ekstraordinær naturfaglege vurderingar for å kunne ta stilling til søknaden. Det er heller ikkje i slike strandnære område dei viktigaste vernekvalitetane i Lurefjorden finst. Vi meiner såleis at vi har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne avgjere saka (§ 8), og føre-var prinsippet (§ 9) er mindre aktuelt å bruke. Tiltaket er planlagt i eit område som frå før har ein del påverknad både på land og i sjø, og vil neppe tilføre vesentleg auke i samla belasting i området (§ 10). Vi reknar ikkje med at miljøet vert særleg forringa om tiltaket vert realisert, så § 11 er lite aktuell. Heller ikkje § 12 er særleg relevant med mindre mudring eller sprenging er naudsynt, noko vi gjer rekning med det ikkje er.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter § 5 e, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindosåsane, til fjerning av ei eksisterande flytebryggje og oppføring av ei ny flytebrygge med lengde 115 meter med båtplassar/uteliggjarar, samt ny bryggje med lengde seks meter og ny brygge med lengd 8 meter på g/bnr 70/27, Feste i Alver, jamfør søknad, på følgjande vilkår:

1. Så langt det er mogeleg skal eksisterande feste frå den gamle bryggja nyttast på nytt til dei nye bryggjene. Dersom dei ikkje kan nyttast på nytt skal dei fjernast frå sjøbotn og leverast til godkjent mottak.
2. Det skal ikkje nyttast fleire ankerfeste for dei nye bryggjene enn det som er naudsynt for å sikre anlegget.
3. Oppankring på botnen må skje på stader som ikkje øydelegg viktige naturførekomstar, og heller ikkje lengre ut i det marine verneområdet enn naudsynt.



4. Statsforvaltaren gir ikkje løyve til mudring eller terrengtilpassing i form av sprenging eller anna omfattande anleggsarbeid.
5. Alt avfall frå tiltaket skal leverast godkjent mottak, og sjøbotn rundt det omsøkte tiltaket skal være fri for avfall.
6. Statsforvaltaren vil ha ein rapport med biletet i ettertid at tiltaket, der det m.a. går fram kor mange feste som er nytta og korleis bryggja er sikra i sjøbotn.

Vi gjer merksame på at dette er eit enkeltvedtak etter verneforskrifta, og at ansvarleg tiltakshavar sjølv er ansvarleg for å innhente løyve etter andre lovverk.

Klage

Denne avgjerdet kan partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse klage inn for Miljødirektoratet med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren, som vil vurdere klagen og sende den til Miljødirektoratet dersom vi ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet	miljøvedtaksregisteret
Statens Naturopsyn	Postboks 5672 Sluppen
KNUT WILLIE JACOBSEN	Lurevegen 304
	7485 TRONDHEIM
	5912 SEIM